



# Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) - [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Foto: Roald Bertelsen

## KUNNGJERINGAR

### MELAND BIBLIOTEK

**Inviterer til Bok- og Strikkekafe** tysdag 13. mai frå kl.12.00 – 14.00 i samarbeid med Meland Helse-lag. Ta med strikkesett, biblioteket stiller med kaffe/te og bokprat.

**Nordhordland Litterære Selskap** har møte 15. mai kl. 19.00 på Lindås bibliotek. Vi samtalar om boka *Bergenens* av Thomas Espedal. Ta kontakt med Meland eller Lindås bibliotek om du vil vere med. Velkommen!

**Eventyrstund** 3. juni kl.10.30. Dette er siste eventyrstund før sommarferien.

Bli med på **Sommarles!** Lesekonkurranse for barn som startar 1. juni og går fram til 31. august. Ta kontakt med Meland bibliotek for meir informasjon og lesepass.

### Kulturavdelinga:

#### FIRE GREP OG TO TOMME NEVAR

Kvar skal ein byrje og korleis skal ein nå ut med musikken sin? Workshop for unge som vil spele musikk eller arrangere konsertar 24/5, kl. 14:00 på Flatøy, Solberget 7.

**Arrangørar:** Flatøy Rock, BRAK og Meland kommune/kulturavdelinga.

#### FOLKEFEST I HØVE AVDUKING AV MINNESMERKE OVER IVAR AASEN

**Laurdag 24. mai kl. 12.00** skal Meland Mållag overlevere minnesmerket over Ivar Aasen til Meland kommune. Minnesmerket er ei gåve og i dette høvet vil Meland kommune ved ordføraren skipe til ei markering for innbyggjarane.

#### Program for dagen:

Ute ved hovudinngangen til Meland Rådhus:

Song ved Linda Røyseth Sandhåland.

Meland Mållag ved Haakon Aase.

Avduking av minnesmerket ved Edvard Hoem Ordførar Nils Marton Aadland.

Appell ved leiar i Norges Mållag Marit Aakre Tennø Song og musikk ved kor og korps, Bjørn Sagstad dirigerer.

Ordførar inviterer til foredrag og servering i kantina på rådhuset:

#### Program:

Måltrastena syng

«1814 og alt som sidan kom»

foredrag ved Edvard Hoem

Lett servering

For barn: Grunnlovsjubileet – teikne din eigen versjon. Grunnlovsjubileet skal markerast på ulike måtar og ein av desse skal vere å invitere barn til å teikne til jubileet. Teikningane vert stilt ut på Meland kommune sin jubileumsmarkering 7. november 2014.

**Alle velkomne!**

### NATTEVANDRAR PÅ FREKHAUG

Har du lyst å engasjere deg i ein positiv aktivitet som er forebyggjande og sosial? Kvar fredag og laurdag er tre vaksne ute og går der ungdommen ferdast på Frekhaug. Velkommen, vi treng deg!



### BESØKSVEN

Har du lyst å bli besøksven, eller har du lyst å ha ein besøksven? Likar du å gå tur, lese høgt, besøke eller få besøk, være med på ein aktivitet saman med nokon. Det er mange ting i kvardagen som er kjekt å gjere saman med andre.

Kontakt: e-post: [besokstjenesten@nhrk.no](mailto:besokstjenesten@nhrk.no)  
Tlf: 56 17 10 66 (Frivilligsentralen)

### DATAKLUBB FOR PENSJONISTAR

Klubben har slutta av for våren. Vi startar opp igjen til hausten! [www.meland.frivilligsentral.no](http://www.meland.frivilligsentral.no)

### Barneverntenesta

#### STØTTEKONTAKT

Søker støttekontakt til gut på 12 år. Er du engasjert og over 18 år, kan du vere den vi søker. Oppdraget går ut på å vere ein positiv rollemodell for guten, og tilbringe tid saman med han på ulike aktiviteter. Oppdraget er timebasert med inntil 5 timar pr. veke og skjer på ettermiddag/kveld, etter avtale mellom familien, barneverntenesta og deg.

Er dette noko for deg, ta kontakt med barneverntenesta v/Eva Carlsen, tlf. 56 17 11 40. Alle oppdrag for barneverntenesta krev politiattest.

### Plan, utbygging og kommunalteknikk

#### TILSKOT TIL SPEIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

1. juni er søknadsfrist for SMIL-midlar for 2014. Gjennom denne ordninga kan gardbrukarar m.fl. søkja midlar til skjøtsel og restaurering knytt til kulturlandskap, kulturminne, verneverdige bygningar, tiltak som aukar opplevingsverdien i kulturlandskapet og betre tilgjenge. Det er vedteken ny SMIL-strategi i 2012, og fylgjande tema vil verta spesielt prioritert.

- Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.
- Satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskaps typar som kystlynghei og strandeng.
- Tiltak knytt til å setje i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk, og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø

- Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking

Ta kontakt med landbruksforvaltinga i Meland dersom du har spørsmål. Søknadsskjema er å finna på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)

### SPØRJETIME 18. JUNI

Det blir spørjetime i Meland kommunestyret 18. juni, i klubbhuset til Nordre Holsnøy Idrettslag. Dei som ønskjer utfyllande svar må melde spørsmåla skriftleg til ordførar seinast ei veke før møtet. Spørsmål kan sendast til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller til Meland kommune, Pb 79, 5906 Frekhaug.

## LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har tatt i bruk elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkerar. Nærare informasjon finn du på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under ledige stillingar.

### Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

#### Meland kommune treng:

##### NAV MELAND

Leiar – 100% fast stilling

##### HELSE

Ruskoordinator – 100% fast stilling

##### KULTUR

Danselærer – 10,28% fast stilling

Pianopedagog – 25% vikariat, 2 stillingar

Treblåspedagog – 10,27% vikariat

Gitarpedagog – 60 % vikariat

Guidar Holmestova og Sjøbua - engasjement

##### MELAND HEIMETENESTE

Vernepleiar – 100% fast stilling

Vernepleiar Bustølen burettslag

– 100% fast stilling

Vernepleiar – 75% fast stilling

Helsefagarbeidar Bustølen burettslag

– 50% vikariat

Avlastar – 37,24% fast stilling

##### FERIEVIKARAR

Ferievikarar pleie og omsorg 2014

Meland heimeteneste har eit stort behov for vikarar. Ta kontakt med leiar Britt Romarheim, tlf. 5617 1210 for nærare informasjon.

#### Søknadsfrist 25.05.14

**Sjå fullstendig utlysingstekst på kommunen sine nettsider: [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)**

## OPNE MØTE mai/juni 2014

	Dato	Kl.	Møtestad	
Kommunestyret	Onsdag	14.05	17.00	Kantina
Fellesrådet	Torsdag	22.05	14.00	Formannskapssalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag	03.06	16.00	Formannskapssalen
Utval for levekår	Tysdag	03.06	16.00	Kantina
Formannskapet	Onsdag	04.06		
			Etter møte i Adm. utval. som startar kl. 15:00	Formannskapssalen
Kommunestyret	Onsdag	18.06	17.00	Klubbhuset til Nordre Holsnøy Idrettslag

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommunelova.

Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta.

Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettside [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)